



**Referat**  
**Møte mellom styret, Nye veier og Fjordvegen Rute 13 sine**  
**medlemmer i Ullensvang - 15.09.2021,**  
**Stad: Hotel Ullensvang**

**Deltakarar:** Gerd Helen Bø, Sigbjørn Hauge, Bjørn Laugaland, Roald Aga Haug, Morten Midlang, Toralv Mikkelsen, Kristoffer Amdal, Ingvald Torblå, Solfrid Borge, Roy Egil Stadheim, Gunnar Moland.

**Forfall:** Svanhild Løge Skålheim  
Invitert deltakar: Roy Egil Stadheim, ordførar i Vik.

**Sekretariatet:** Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø.

**Medlemmer:**

Ullensvang Reiseliv v/Lars Inge Thorset, Hotel Ullensvang v/Stig Castøe, Mass Hus/SPAR Kinsarvik v/Ingvar Hus, Energiselskapet Hardanger v/Erlend Nordnes, Lofthus Auto v/Einar Lutro, Kinsarvik Camping v/Evald S. Hatten, Esso Kinsarvik (Haldor Utne as) v/Geir Midtun, Alle inviterte medlemmer møtte

**Nye Veier AS:** Asbjørn Heieraas, Christian Altmann, Jon-Terje Ekeland.

**Presse:** Avisa Hordaland v/Karl Ystanes  
Hardanger Folkeblad v/Eli Lund.

Styreleiar Gerd Helen Bø leia møtet.  
Ingen merknader til invitasjonen.

**Orientering v/Nye Veier (NV) – Asbjørn Heieraas – Leiar for plan- og prosjektutvikling.**  
*(Hans presentasjon følgjer referatet og må sjåast i samanheng med referatet)*

Rassikring er nytt for NV.

Riksveg 13 er lengst av dei tildelte nye strekka frå NTP. Tre milliardar tildelt er lite i høve lengda.

Nye kriteria å arbeida etter må inn for NV, noverande kriteria strekk ikkje til. Kost/nytte-tenking femnar ikkje rasutfordringar på strekk med låg trafikk.

Målet er likevel: Meir utbetring og rassikring for pengane.

Særtrekk ved riksveg 13: Som E136 Dombås – Vestnes: Samansette utfordringar. Korleias desse to strekka skal prioriterast i høve resten av portefølgjen blir drøfta, konklusjon ikkje gjort.

Stort behov for betra fagleg grunnlag/utgreiingsbehov for rv13 og E136:

1. Utgreiing er under arbeid frå Menon: Reduksjon av oppleving av utryggleik og fare
2. Komforteffekt (betring av små tiltak ved svært låg standard): Utgreiing kan bli aktuelt.
3. Minstestandard: Utgreiing skal skje i haust. Rv13-standard kan bli lågare enn lågaste riksveg-standard i vegenormalane for å få midla til å strekke til.

NV-policy er å utfordre vedtekne standardar for å oppnå raskare og rimelegare løysingar.

#### 4. Klimatilpasningar – strategi under utvikling

NV-styret vil avgjera ramene for utviklinga av tildelt riksveg 13-strekk. Ei muleg løysing. 300 millionar kr / år i10 år.

Kontakt vidare: Møteserie med lokalsamfunna vil skje.

#### **Spørsmål/innspeil frå medlemma o.a. i Fjordvegen Rute13:**

-*Lutro*: Finst gryteferdige prosjekt Kinsarvik - Bu?

-*Borge (styret)*: Same strekket med kork/ljosregulering: Strekket må prioriterast.

-*Haug (styret)*: Viktig at nokre delstekk blir igongsett tidleg for å oppnå suksess. Fleire midlar enn 3 milliardar kr må skaffast, ein politisk jobb. Planar finst, men NV vil sjå alt på nytt.

-*Thorset*: Har levert eit lengre skriftleg innspel vedk. rasskring, ulukkesrisiko og bruk av Nasjonal Rassikringsgruppe (vedlegg). For reiseliv og handelsnæring som er avhengig av sommartrafikken langs vegen: kvar dag i juli betyr 1, 5 % av årssomsetninga.

-*Midlang (styret)*: Oppetid som kriteria er ikkje vist, dette er viktig, ref utfordringane for Vikafjellet.

- *Stadheim*: Svak NTP i høve politisk støtte, manglar Stortingsfleirtal. Vik vil påverk for aukte midlar til utbetring av strekket.

Vikafjellstunnel ligg ikkje inne, difor er heller ikkje samfunnssikkerheit ivaretatt i nordre del. Enorm omkøyning, lite aktivitet i næringslivet kan pr no planleggjast for passering av Vikafjellet i fire mndr/år.

- *Mikkelsen (styret)*: Statsbudsjetta blir viktige.

-*Heieraas*. Stadfester av sjølve Vikafjellet med tunnel ikkje ligg inne i tildelt prosjekt.

-*Laugaland (styret)*. Korleis gå utanom vegnormalane?

- *Heieraas*: NV søker vegdirektoratet, og ved avslag går NV vidare til departementet.

-*Thorset*: Ullensvang Reiseliv fekk utarbeida analyse sjølv i vår: Trafikkauka vil koma raskt, tiltak hastar. Stor ekspansjon vil koma i Odda, UR har klar prioritering av delstrekk.

-*Heieraas*: NV vil bevisse at dei finn gode løysingar for å få aukte midler. Opplevd tryggleik blir viktig for lokalbefolkninga.

Ullensvang, 15.09.2021

Hanne Sundbø  
referent